

## Nyhetsbrev desember 2024

### Kjære medlemmar

Så er det straks tid for jul igjen! Faggruppa har hatt eit aktivt år og det er tid for eit lite tilbakeblikk.

Vi hadde ein veldig digital medlemskveld i haust med rundt 150 deltagere, med tema kvinnehelse etter fødsel og oppreningsgrupper ved helsestasjonen. Kongress i barne- og ungdomsfysioterapi vart i år avvikla i Oslo, også der med godt oppmøte.

Etter å ha hatt ein turne i landet med NUBU-kurs dei siste åra, har faggruppa i 2024 starta ein turne i landet med Hine-kurs. Stavanger står først 10. januar, Trondheim 31. januar og Bergen 19.mai. Vi satser på å få til ein dag i Nord-Norge også. Meld deg på [her](#)

I tillegg til medlemsaktivitetar som over og barnekursa i NFF si kursrekke, driv faggruppa politisk påvirkningsarbeid. Nyleg har vi hatt to kronikkar i media, som vi håper du har fått med deg. Den eine omhandla behovet for fleire fysioterapeutar i BUP i samarbeid med faggruppen for psykomotorisk fysioterapi [Svar til Charlotte Nagell: - Ja, vi er dessverre en utnyttet ressurs](#). Den andre, om [Kommersielle helseundersøkelser av friske barn uten symptomer er dårlig ressursbruk](#) er skriven i samarbeid med landsforeninga for helsesykepleiere, allmennlegeforeninga og barnelegeforeninga.

FHI har fått i oppdrag å utvide Kommunalt pasient- og brukerregister (KPR) med data fra Helsestasjons- og skolehelsetjenesten fra 2025. KPR inneholder data om personar som har søkt, mottek eller har mottatt helse- og omsorgstenester. Formålet er å gi grunnlag for forskning, kvalitetssikring, planlegging og styring av helse- og omsorgstjenesten. Faggruppa representerer NFF i to referansegrupper som omhandler KPR, den eine gruppa tilknytta helsestasjon og skolehelsetjeneste, den andre tilknytta helse og omsorg. Det er svært viktig at vi deltar i dette arbeidet, for å få fram dei store ulikhetene på registrering rundt om i kommunane. Vi har også spelt inn at ADL-registreringa i IPLOS er meiningslaus for små barn.

Brosjyrane våre blir i desse dagar oversatt til Ukrainsk, med støtte fra [NASKO](#). Det har kome ut ein ny MABC-3 og faggruppa forsøker å få ein rabattavtale for medlemmane våre.

Årsmøtet 2025 blir 14. mars på Gardemoen under [Fysioterapikongressen 2025](#) Vi håper mange barnefysioterapeutar blir med på kongressen, for det er mykje som er relevant for oss! Husk at du kan søke faggruppa om stipend for dekning av kongressavgifta- og [Fysiofondet](#) om opphold og reise.

Som du ser i [nyheitsbrevet](#) frå IOPTP (International Organization of Physical Therapists in Pediatrics) er det behov for frivillige til å representere Norge i ulike komitear i IOPTP (bl.a for nyheitsbrev, sosiale media). Ta kontakt hvis interesse!

Til slutt vil vi ønske Mona Henriksen velkommen som ny redaktør i [Tidsskrift for barne- og ungdomsfysioterapi](#) og gi ein stor takk til avtroppande Eirin Dale! Som de veit, måtte Gerty Lund dessverre gå av som forbundsleder på landsmøtet. Vi takker henne for innsatsen for NFF og BUF.

Da gjenstår det berre å takke alle medlemmane for engasementet i året som har gått og

ønske alle ei riktig god jul og eit fredfullt nyttår!



På vegne av styret i faggruppen for barne- og ungdomsfysioterapi

Ingunn Skogseth-Stevens, faggruppeleder